Signe Gloppen
Vilberggenda 9
0687 Oslo

Oslo, 13. november 2016

Hordaland fylkeskommune
PB 7900 - hfk@hfk.no
5020 Bergen

## Rapport i sak 2015/2159-73
## Vern og vøling, løebygning i eldre tun, gnr 70, bnr 4, Landa, Fitjar kommune.

Me viser til brev frå Hordaland fylkeskommune datert 20.05.2016, der det på bakgrunn av søknad om å vøle løa på Landa blei gitt kr 20 000 i tilskot.

Me takkar så mykje for støtta og for at fylkeskommunen deler vår oppfatning av at tunet me har arva har verdiar som det er viktig å ta vare på. Støtta er ei medverkande årsak til at me fekk gjennomført tiltaket i tide.

Løa er no reparert i samsvar med planane. Først og fremst måtte søre veggen skiftast. I tillegg var det naudsynt å gjera noko med taket i hønsehus-delen av løa. Hønsehuset har steinhelletak, og dette var i ferd med å bli så «salrygga» at det kunne falle saman.

Dette er blitt gjort:.

**Hønsehuset – sikring av tak:**
Kledningen på loftet på hønsehuset blei fjerna for å få tilgang. Dobbel dragar 98x198 blei buksert på plass, og montert opp under eksisterande sperrer og jekka opp mellom 20-30 cm. Dette for å rette opp og bevara eksisterande steinhelletak. Dragaren kviler på tre doble 48x98 søyler.
I tillegg blei det lagt 1 stk 48x148 bjelke under sperretupp ved innfesting på løeveggen, dette også for å forsterke takkonstruksjonen. Ei sperre er forsterka med å legge på ei 48x98 på sida av eksisterande. Innertaket er retta opp. Det hadde sige nærare 3o cm på midten men er no tilnærma beint.

**Hønsehuset – vindu mot sør.**
Vinduet er blitt reparert ved at innramminga er fornya. Dei originale vindusfakka er brukt. Vinduet er montert og lista på utsida og sett tilbake, slik at det er bevart.

**Løevegg mot sør:**
Kledningen vart riven. Det viste seg at alle peilene i veggen var fullstendig opprotna. Etter rivinga blei det lagt 48x148 som ny kantbjelke på eksisterande natursteinsmur, med ny rame på 48x98 oppå. Nye peiler blei montert opp til hanabandet. Overramma blei festa i hanabandet med 6x150 konstruksjons skruar og spiker.

Fortsettelsen av veggen vidare opp går frå rama til under sperrene, også festa med konstruksjonsskruar.
Nytt skråband 48x148 montert då også dette var opprotna.
Veggen blei bordkledd på nytt med ny kledning.
Vindusskiene blei skifta. Dei gamle blei brukt som mal, slik at dei er skorne for å passe opp under skiferhellene på løetaket,

Løeveggen er også blitt grunna og måla. Det blei gjort eit godt arbeid med å finne fram til ein vakker gulfarge som liknar den opprinnelege, 90 år gamle fargen. Me håpar å kunne fornye løa mot aust komande sommar, ved å måle hønsehus og løevegg på nytt.

Me er svært nøgde med arbeidet som er utført og med resultatet. Handtverkarane er Per Egil Larsen, Geir Haakon Hillestad og Tormod Bergesen.

Som dokumentasjon legg eg ved fakturaer frå handtverkarane:

| Oppgåve | Sum | Vedlegg nr |
|---|---|---|
| Vøling av løevegg mot sør og hønseshus-tak | 96245,06 | Vedlegg 1 |
| Vøling av hønsehusvindu mot sør | 3500 | Vedlegg 2 |
| Maling av løevegg mot sør | 12250 | Vedlegg 3 |
| Totalt inkl. mva | 111 995, 06 | |

Som vedlegg 4 fylgjer fotodokumentasjon som viser korleis løa ser ut etter vølinga.

Ta kontakt dersom de har behov for fleire opplysningar eller ynskjer å sjå arbeidet som er utført.

Tilskotet kan utbetalast til kontonummer 5041 10 17688 (Signe Gloppen).

Venleg helsing

Signe Gloppen

Signe Gloppen (på vegne av arvingane etter Ingebjørg og Karl Gloppen)

Tlf: 91313386

Epost: sgloppen@hotmail.com

Vedlegg 1

# Faktura

**Per Egil Larsen**
Koløyholmen
5419 FITJAR

**Epost** peregillarsen@me.com
**Tlf** 95219621
**Org.nr** NO 981197240 MVA

**Signe Gloppen**
Viberggrenda 9

0687 OSLO

| **Å betale** | **Innen dato** | **Til kontonr** | **Fakturanr** |
|---|---|---|---|
| 96.345,06 | 02.09.2016 | 3520 07 19849 | 240 |
| **Fakturadato** | **Nettobeløp** | **Mva** | |
| 23.08.2016 | 77.076,05 | 19.269,01 | |

| Beskrivelse | Enhetspris | Antall | Mva | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Konstruksjonsskruer 6,5 x150 | 1.252,80 | 1 | 25 % | 1.566,00 |
| Furu 19x173mm imp | 21,60 | 404 | 25 % | 10.908,00 |
| Gran 48x 98 K-Virke c24 | 18,40 | 132 | 25 % | 3.036,00 |
| furu 48x148 imp | 32,80 | 25 | 25 % | 1.025,00 |
| spiker. 3,1x90 maskin 1000stk | 289,60 | 1 | 25 % | 362,00 |
| treskrue 6,120mm | 176,00 | 2 | 25 % | 440,00 |
| 48x198 c24 | 44,00 | 9 | 25 % | 495,00 |
| gran 48x148 | 32,80 | 21,66 | 25 % | 888,06 |
| Timer | 450,00 | 138 | 25 % | 77.625,00 |
| **Total** | | | | **96.345,06** |

## Kvittering

**Innbetalt til konto** 3520 07 19849

**Beløp** 96.345,06

**Betalerens kontonummer**

**Betalingsinformasjon**

Fakturanr: 240
Kundenr: 10123

Vennligst oppgi fakturanr ved betaling

## GIRO

**Betalings-frist** 02.09.2016

**Underskrift ved girering**

Kan ikke benyttes som brevgiro

**Betalt av**

Signe Gloppen
Viberggrenda 9

0687 OSLO

**Betalt til**

Per Egil Larsen
Koløyholmen

5419 FITJAR

**Belast konto**

**Kvittering tilbake**

| | Kundeidentifikasjon (KID) | Kroner | Øre | Til konto |
|---|---|---|---|---|
| H | | 96 345 | 06 | 3520 07 19849 |

Vedlegg 2

# FAKTURA

**Geir Haakon Hillestad**
Org.nr.: 912503003 MVA
Elvavegen 6
5419 FITJAR

geirhaakonhill@hotmail.com Telefon: 90175012

Signe Gloppen
Vilberggrenda 9
0687 OSLO

Deres ref.: Vår ref.: Geir Haakon Hillestad

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fakturadato: | 30.10.2016 | Fakturanr.: | 91 |
| Forfallsdato: | 09.11.2016 | Til konto: | 36372550877 |

**Leveringsadresse:**
Vilberggrenda 9
0687 OSLO
**Leveringsdato:** 30.10.2016

Rehablitering av vindu,isetting og listing utvendig. Landa

| BESKRIVELSE | PRIS | ANTALL | RABATT | MVA | BELØP |
|---|---|---|---|---|---|
| Avtalt pris | 2 800,00 | 1,00 | | 25 % | 3 500,00 |

| MVA-sats | Grunnlag | MVA |
|---|---|---|
| Høy 25% | 2 800,00 | 700,00 |

| | |
|---|---|
| Nettobeløp | 2 800,00 |
| Merverdiavgift | 700,00 |
| **Å BETALE** | **3 500,00** |

*Ved betaling etter forfall kan det påløpe forsinkelsesrenter og purregebyr etter statens satser.*

*Laget med* conta FAKTURA

## Kvittering

| Innbetalt til konto | Beløp | Betalerens kontonummer |
|---|---|---|
| 36372550877 | 3 500,00 | |

**Betalingsinformasjon**

## GIRO

**Betalings-frist** 09.11.2016

Fakturadato: 30.10.2016
Fakturanr.: 91

Kan ikke brukes som brevgiro

**Betalt av**
Signe Gloppen
Vilberggrenda 9

0687 OSLO

**Betalt til**
Geir Haakon Hillestad
Elvavegen 6

5419 FITJAR

| Kundeidentifikasjon (KID) | Kroner | Øre | Til konto |
|---|---|---|---|
| | 3 500 | 00 | 36372550877 |

Vedlegg 3

**Sunnhordland Vedlikeholdsservice**
Vestre Bakkaveg 17
5419 Fitjar

Fakturanr: 85196

Bankgiro: 3546 07 04233

Føretaksnr: 978594271MVA

Mobil: 95 08 97 90

Signe Gloppen

Fitjar, 08 oktober 2016

# Faktura

| Beskrivelse | Pris | Antall | Sum |
|---|---|---|---|
| Vedl. Løe Landa | kr 7 500,00 | 1 | kr 7 500,00 |
| Matriell (maling) | kr 2 300,00 | 1 | kr 2 300,00 |

| | |
|---|---|
| Netto | kr 9 800,00 |
| MVA | kr 2 450,00 |
| Total | kr 12 250,00 |

Til konto
3546 07 04233 kr 12 250,00

Betalingsfrist
23.10.2016

Betalt.

Fakturanr: 85196
Forfallsdato: 23.10.2016

Signe Gloppen

**Sunnhordland Vedlikeholdsservice**
Vestre Bakkaveg 17
5419 Fitjar

12.250,00 3546 07 04233

**Vedlegg 4: Foto etter at tiltaket er gjennomført**



Steinhelletaket på hønsehuset er retta opp og sikra.





Løeveggen er skifta ut og måla i ein vakker gulfarge som er svært nær den opprinnelge.
Vindauget i hønsehuset er restaurert.

